

AVTALE OM OVERTAKING OG BRUK AV BERBAR DATAMASKIN I DEN VIDAREGÅANDE SKOLEN

MELLOM

Møre og Romsdal fylkeskommune, org nr 944183779, og

elev **Pers.nr.**.....

Overtaking og bruken av den berbare PC-en mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og eleven er regulert av vilkåra i denne avtalen.

1. UTSTYR

"UTSTYR" er i denne avtalen definert som sjølve datamaskinen, ladar og programvare slik det går fram av avtalen.

Utstyret som vert omfatta av denne avtalen er undervisningsmateriell/læremiddel.

Utstyret som vert omfatta av denne avtalen er lista nedanfor:



Teknisk beskrivelse av maskinen:

Processor:	AMD Turion L625(1.6GHz)
Minne:	2GB RAM
Harddisk:	320GB 5400rpm HD
Grafikkort:	ATI Radeon HD3400
Skjerm:	13.3in 1366x768 LCD
Trådløst kommunikasjon:	802.11bgn, Bluetooth
Kablet nettverk:	1Gb Ethernet
Innebygget mus:	Multi-touch, 2 button Touchpad and trackpoint
Kamera	Low-light sensitive camera
Batteri	6c Li-Ion, 5,2 timer
Operativsystem:	Win7 Home Premium 64
Skjermutganger:	VGA, HDMI
Vekt:	1,76 kg
Andre porter	3 USB, 5-in-1 card reader, Mic/speaker combo jack

Maskinen leveres med 3 års brukerstøtte, garanti og forsikring.

Serienummer (vert påført ved utlevering):.....

Ladar

"LEVERANDØREN" i denne avtalen er ADCom AS.

2. BRUK

Utstyret skal brukast i opplæringssamanheng og i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt IKT-reglement og skolane sine reglement og retningsliner for bruk av datautstyr, digitalt utstyr og nettverk.

Eleven forpliktar seg til å handtere utstyret med varsemd, slik at det ikkje vert utsett for tap eller skade. Datamaskinen skal transporterast på forsvarleg måte. Eleven må aldri forlate datamaskinen i ulåste rom på skolen.

Eleven er sjølv ansvarleg for å ta tryggleikskopi av egne data.

3. BRUKSRETT

For utstyr omfatta av denne avtalen, byrjar bruksretten frå skolestart 2010 og varer så lenge eleven er elev ved vidaregåande skole eigd/driven av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ved vesentleg mishald av avtalen kan Møre og Romsdal fylkeskommune heve avtalen. Heving medfører at eleven umiddelbart må levere tilbake utstyret. Dersom eleven har betalt for bruken også for perioden etter heving, vil overskytande beløp ikkje bli betalt tilbake til eleven.

4. OVERTAKING

Når eleven sluttar ved vidaregåande skole eigd/driven av Møre og Romsdal fylkeskommune og alle eigendelar er innbetalt overtek eleven utstyret, jf. pkt. 5.

Dersom eleven sluttar i vidaregåande skole før alle innbetalingar av eigendelar er gjort, kan eleven velje om han/ho vil overta utstyret etter pkt. 5 i denne avtalen eller levere datautstyret tilbake.

Typenemning, fabrikasjonsnummer og liknande som tener til identifikasjon av datautstyret må ikkje fjernast.

5. BETALING

Med heimel i forskrift til opplæringslova § 19-6 vil eleven for bruk av den berbare PC-en betale ein årleg eigendel på kr. 870 skoleåret 2010/2011, 2011/2012 og skoleåret 2012/2013, til saman kr. 2610. Beløpet førefell til betaling i 1. termin pr. skoleår. Det vert sendt faktura for bruken omkring 15. november kvart år med betalingsfrist 30 dagar. Ved for sein betaling vert det sendt ei purring. Purring medfører forseinkingsrenter i samsvar med den til kvar tid gjeldande prosentsats etter lov om renter ved for sein betaling. Ved manglande betaling etter purring vert kravet sendt til inkasso.

Når alle eigendelar er betalt og eleven sluttar i vidaregåande skole beheld eleven PC-en.

Dersom eleven sluttar i vidaregåande opplæring før alle eigendelar er betalt, vil eleven kunne få med seg den berbare PC-en ved å innbetale gjenståande eigendel/eigendelar.

6. SERVICE OG VEDLIKEHALD

Møre og Romsdal fylkeskommune har teikna service- og vedlikehaldsavtale med leverandøren. Dersom eleven sitt utstyr må leverast til service/reparasjon vil Møre og Romsdal fylkeskommune stille til rådvelde ei reservedatamaskin for eleven til utstyret er reparert og levert tilbake til eleven. Avtalen er gyldig i tre år frå skolestart 2010.

7. UHELLSFORSIKRING

Forsikringa dekker uhell som ikkje er tjuveri, tap av utstyret, skade eller tap av programvare og data, normal slitasje og kosmetiske skadar.

Ved skade på utstyret, medrekna programvare, skal skolen umiddelbart få melding. Skade som ikkje skolen er skuld i, frittek ikkje eleven for betaling i samsvar med denne avtalen.

Eleven skal handsame utstyret med aktsemd. Dersom det oppstår skade på datautstyret som skuldast unormal bruk/og eller lemfeldig oppbevaring og transport av datautstyret kan eleven bli heldt økonomisk ansvarleg for utbetring av skaden.

8. LEIGEBELØP/BETALINGSVILKÅR

For bruken av datautstyret betalar eleven eit beløp etter pkt. 5 i denne avtalen.

9. GENERELLE REGLAR

A: SKOLENS REGLEMENT

Skolens gjeldande reglement vert omfatta av denne avtalen.

B: ENDRINGAR OG OVERDRAGING

Eventuelle endringar i denne avtalen er berre gyldige og bindande dersom desse er skriftlege og underskrive av partane. Partane har ikkje rett til å overdra denne avtalen til ein tredjepart utan skriftlig samtykke frå den andre parten.

C: KONFLIKTLØYSING/VERNETING

All usemje som eventuelt måtte oppstå i samband med denne avtalen skal først søkjast løyst utanrettsleg mellom partane.

Som verneting har partane vald elevens verneting.

10. AVTALEDOKUMENT

Denne avtalen er utferda i 2 originale eksemplar, eitt til kvar av partane.

[Elevens namn]*

[Skole]

[eleven sin signatur]

[autorisert representants signatur]

* Dersom Eleven er under 18 år må denne avtalen underteiknast av eleven sine føresette.

[Føresette sitt namn]

[foresatte sin signatur]

NYNORSK TEKST